

Sørstrand Folkepark – Årsmelding 2019

SØRSTRAND FOLKEPARK

Sørstrand Folkepark har som føremål å utvikle friområdet sør på florelandet, til eit område for aktivitet og rekreasjon for ålmenta. Innsatsfaktorane er frivillig arbeid og økonomiske gåver frå ulike offentlege og private kjelder. Foreininga er uavhengig, upolitisk og drivast på ideelt grunnlag. Den er registrert i Frivilligregisteret i Brønnøysund og pr. 31.12.19 hadde den xxx registrerte medlemmar. Medlemskapet koster kr.200 kroner for privatpersonar og kr.300.- for familier. Som medlem har ein møte- og stemmerett på årsmøtet. 2019 var det åttande heile driftsåret.

GÅVER I 2018 – TOTALT KR.10.000.- 😊

Kinn Rekneskap kr.10.000.-

kr.35.256.- frå Norsk tipping sin grasrotandel.

Vi er takknemlige for alle gåver og styrar dei mot ulike prosjekt i området etter kvart som parken utviklar seg.

INVESTERINGAR OG DRIFT

Det har i år vært fokus på ferdigstilling av Gapahuk og vedlikehold av hele området. Gapahuken er populær og et flott tilskudd til parken.

DUGNADSARBEIDET

Den frivillige innsatsen har vore nøkkelen til suksess i arbeidet med Sørstrand Folkepark. Dette famnar alt frå prosjektering, søknadar om tilskot, administrasjon, synfaring til ulikt førefallande arbeid som til dømes reinsking av tang, slåttonn og rydding i krattskogen. Dessverre fell dette arbeidet på alt for få hender, og utfordringa framover blir å engasjere folk til nye krafttak. Foreininga håpar å kunne engasjere fleire seniorar som vil ha godt av både det sosiale samværet og mosjonen som dette arbeidet har å tilby. Vidare ser ein føre seg at ulike lag og skular som brukar parken flittig bør utfordrast til ulikt dugnadsarbeid, som til dømes rydding og tilsyn for å verne om det som er skapt.

PROSJEKTARBEID I 2020 OG 2021

Styret har valt å konsentrere prosjektarbeidet til utviklinga av servicebygg som hovudprosjekt og sti/gangvei frå beredskapsvei ned til sjøen bak nauset og bort til eksisterande sti som kommer ned frå gapahuken som en god nummer to. I tillegg fleire mindre arbeider og tilretteleggingar med lav kostnad.

SANITÆRBYGG

Det er oppretta ei egen prosjektgruppa ledet av Flora kommune ved Rune Bortne. Vi stiller med Magne Hovland, Leni Notø og Fredrik Gulbranson. VA anlegg og strøm er ført frem til servicetomta. Kinn kommune har satt av 3,4 mill til prosjektet som pr dato er lyst ut i Doffin.

REGNSKAPET FOR 2019

Resultatregnskapet for 2019 viste eit overskot på kr.xxxxx.-som er føreslege lagt til eigenkapitalen. Eigenkapitalen utgjorde xxx tusen kroner pr. 31.12.2019

ADMINISTRATIVT

Det vart helde 5 styremøter og et folkemøte i 2019. Dei viktigaste sakene er omtala i årsmeldinga. Det vart og helde ekstraordinært årsmøte 26 oktober, der en hadde fokus på revisjon av vedtekter. Det er ingen tilsette i foreininga og styret har inga godtgjersle for arbeidet. Bookeeper er regnskapsfører og Kinn Regnskap står for revisjon. Det er sett av 10 tusen kroner i honorar for 2019.

Florø, 11.02.2020

Jan Henrik Nygård

Styreleiar

Leni Notø

Nestleiar

Knut Roald

Styremedlem

Irene Hjorthol

Styremedlem

Magne Hovland

Styremedlem